

SOMMARFERIEDAGAR FOR UNGDOM 2026

PÅMELDINGA
ER I GANG!

Veke 26	AKTIVITET
MÅNDAG 22.JUNI	VANNAKTIVITET PÅ FJORDEN
TYSDAG 23.JUNI	JONSOK PÅ BEACHEN, BEACHVOLLEYBANA, KL.19-21.30 INGEN PÅMELDING
ONSDAG-TORSDAG	OVERNATTINGSTUR: STADT SURFING
TORSDAG 25.JUNI	BULDRING OG EIGENTRENING GYM STRYN
FREDAG 26. JUNI	ELVE-SUP SAFARI I STRYNEELVA
FREDAG 26.JUNI	RIDING HINGARDEN STALL
HEILE VEKA	HYDLAPARKEN OG KINO OBS: Følgjer egne opningstider /kinotider
Veke 27	AKTIVITET
TYSDAG-TORSDAG 30.JUNI-2.JULI	FILMVERKSTAD MED BAKOM BUZZ STAD: STRYN GATEBILKLUBB
TYSDAG-TORSDAG 30.JUNI-2.JULI	SPELVERKSTAD MED BAKOM BUZZ STAD: STRYN VGS
Veke 33	AKTIVITET
ONSDAG 12.AUG	BREVANDRING HAUGABREEN
FREDAG 14.AUG	FISKETUR, KANO OG GRILLING I ULVEDALSTJØNNA

VIKTIG INFO OM PÅMELDING:

- **Alt er GRATIS**
- **Du må melde deg på for å delta!**
- **Nokre aktivitetar har BEGRENSA Plass**
- **Det er ingen påmelding på Kino og "jonsok på Beachen"**
- **Du kan melde deg på ein eller fleire aktivitetar**

PÅMELDINGSFRIST: TORSDAG 18.JUNI

**SOMMARFERIEDAGANE ER FOR UNGDOM I STRYN,
SOM SKAL BEGYNNE I 8.KL TIL DEG SOM HAR
FULLFØRT VIDAREGÅANDE I ÅR.**



VANNAKTIVITET PÅ FJORDEN -Båt, vannski, tube, SUP og bading-

MÅNDAG 22.JUNI

Vi leikar oss på fjorden med båt, tube, vannski og SUP. Du bestemmer sjølv kva du vil prøve. Vi blir i området ved Blakset Kai. Røde kors stiller med to båtar, og elles sørger for tryggleik i vatnet! Vi tar med eingongsgrill, og grillar pølser til alle.

UTSTYR:

Vi har flytevestar og våtdrakter – men ta gjerne med eiga drakt og/eller redningsvest om du har. Elles ta med:
-badekle/handkle
-bytekle, gjerne noko varmt å ta på.
-drikke (+ evt ekstra mat)

OPPMØTE: Kl.11.30 ved Stryn Stadion (minibuss), eller Kl.12 ved Blakset Kai

RETUR: Kl.16 frå Blakset

Har du spørsmål utover dette - ta kontakt på 95223102

Skanne QR-koden og meld på!

VANNAKTIVITETAR PÅ FJORDEN





OVERNATTINGSTUR TIL STADT SURFING – HODDEVIKA –

ONSDAG-TORSDAG (24-25.juni)

Vi reiser på overnattingstur til Hoddevika for å surfe, bade, spele volleyball og kose oss!

ONSDAG: Vi startar onsdag med NYBEGYNNER SURFEKURS med instruktørar frå Stadt Surfing! Kurset varer i 2,5 time – men du får bruke utstyret ut dagen! Om du deltok på kurset i fjor, så får du ein repetisjon før du surfar! Vi skal overnatte i huset på Stadt Surfing. Her er 8 rom, med 2-4 sengeplasser i kvart rom. I tillegg kan ein legge inn madrasser. På ettermiddag/kveld grillar vi (vi ordnar grillmat), og kosar oss med spel, leik og volleyball i hagen!

TORSDAG: Denne dagen brukar du som du vil. Det er mulighet for både bading, strandliv, volleyball og anna leik. Det er også fine turar i nærområdet. Vi legg altså ikkje opp til felles surfing denne dagen - men om du vil, kan du leige brett og utstyr for 450,-. Retur til Stryn (litt etter ver): seinast kl.15!

UTSTYR:

Vi får låne ALT av utstyr til surfinga: brett, drakt, hanskar og sko!

TA MED:

- **BADEKLE og HANDKLE!**
- Kle etter veret! PS: varme kle til kvelden.
- **Laken og putetrekk, sovepose eller dynetrekk**
- Toalettsaker
- MAT:
 - Drikke og niste til turen/lunch før surfinga.
 - Enkel frukost og lunch til dag nr.2 (vi har kjøleskåp i huset).
 - Evt snacks til kvelden

Vi kjøper inn grillmat til alle!

AVREISE: 09.30 frå Stryn Stadion

RETUR: Seinast 15.00 fredag frå Hoddevika

Begrensa plass (36 stk) – ungdomsskule og vgs har første prioritet på denne aktiviteten. Neste års 8.klassingar får plass ved ledige plassar.

Du får bekrefting på sms.

Har du spørsmål utover dette - ta kontakt på 95223102

Skanne QR-koden og meld på!

**OVERNATTINGSTUR TIL STADT
SURFING/ HODDEVIKA**





GYM STRYN



BULDRING OG EIGENTRENING -GYM STRYN-

TORSDAG 25.JUNI

På torsdag kan du leike deg i buldrehallen på Gym Stryn, eller prøve deg på eigentrening i treningsrommet. Her kan du delta uavhengig av om du er nybegynnar eller har klatra eller trena før. Her vil vere instruktør tilgjengeleg, som vil hjelpe deg og veileie deg i treningsrommet om du treng det. Buldrerommet kan du nytte fritt som du ønskjer. Når du treng pause, kan du nyte frukt i resepsjonen!

UTSTYR:

- Kle til å trene /vere aktiv i.
- Innesko er lurt om du skal ha eigentrening i treningssalen
- Du får låne både klatresko og kalk.
- Lurt å ha med drikke.

TID: Kl.12-15

Har du spørsmål utover dette - ta kontakt på 95223102

Skanne QR-koden og meld på!

**BULDRING OG EIGENTRENING
GYM STRYN**





ELVE-SUP SAFARI I STRYNEELVA

FREDAG 26.JUNI

Har du lyst å oppleve å padle på SUP-brett nedover Stryneelva? Då er dette er dagen! Vi startar turen på Sætre og endar opp på Mørebråtet nær sentrum. Her grillar vi og badar for dei som ikkje er "ferdig bada". Vi ordnar grill og grillmat til alle.

Du treng ikkje å vere erfaren på SUP-brett for å vere med - for før turen startar, skal vi saman med ein SUP-instruktør få lære om enkel teknikk på brettet og trygg ferdsel i elv. Røde kors stiller også med mannskap, og sørger for ekstra tryggleik på turen!

UTSTYR:

Vi har SUP-brett, flytevestar og ein del våtdrakter – men ta gjerne med eige SUP-brett, eiga drakt og/eller redningsvest om du har. (Tips: ta på ull under våtdrakta).

Elles ta med:

- Ullsokkar og evt sko som kan bli våte (til å bruke på padleturen)
- Badekle og handkle
- Bytekle, gjerne noko varmt å ta på.
- Drikke

OPPMØTE: Kl.11.30 ved Stryn Stadion (minibuss), eller Kl.12 på Sætre (nede ved elva)

RETUR: Vi avsluttar kl.15.30 (skyss tilbake til sentrum for dei som treng det)

Har du spørsmål utover dette - ta kontakt på 95223102

Skanne QR-koden og meld på!

Elve-SUP SAFARI I STRYNEELVA





RIDING HINGARDEN STALL

-HORNINDAL-

FREDAG 26.JUNI

Har du lyst å prøve riding, stell av hest, lære å sale på og mykje meir - så bli med til Hingarden Stall denne dagen.

Ta med **niste og drikke**, og elles kle deg etter veret og i kle du ikkje er redd for å skitne til.

TRANSPORT:

Gjengen som reiser skal følgje oppsett rutebuss til og frå Hornindal. Avstiging på Gausemel - der i frå er det 5 min gange til Hingarden. Bussbilletten blir ordna på førehand - slik at du ikkje skal betale for denne.

AVREISE: 09.15 frå Stryn Busstasjon (møt opp i god tid)

RETUR: 14.15 frå busstoppen Gausemel (må då gå litt før frå Hingarden Stall)

Dersom du vil ordne skyss sjølv (foreldre som vil køyre) - så er dette sjølv sagt heilt greit!

Ved ankomst til Ridesenteret - blir dokke tatt godt i mot av Eline Koopman!

Har du spørsmål utover dette - ta kontakt på 95223102

Skanne QR-koden og meld på!

RIDING HINGARDEN STALL,
HORNINDAL





KLATRING I HYDLAPARKEN

HEILE VEKA (V.26)

Gjennom heile veke 26. har du mulighet til å klatre i Hydlaparken. Det er 1 billett pr ungdom – og du kan sjølv velje kva dag du vil nytte deg av tilbodet! Sjekk ut **Hydlaparken.no** for kva dagar dei har ope denne veke.

MÅ BOOKE BILLETT:

Skann QR-koden – og send inn! Du vil få ein rabattkode i retur!

Du bookar så sjølv billetten på Hydlaparken si nettside, og brukar rabattkoden du har fått tilsendt.

Skann QR-koden og meld på!

HYDLAPARKEN 2026





BREVANDRING PÅ HAUGABREEN

-STARDALEN-

ONSDAG 12.AUGUST

Endelig kan du få oppleve å gå og klatre på isbre. Denne dagen reiser vi til Haugabreen, som er ein brearm frå Jostedalsbreen. For å komme dit køyrer vi buss til Stardalen i Jølster (1,5 time). Her vil vi møte dyktige breførarar frå "Bre og Fjell" som skal ta oss med på tur over breen!

Det første som skjer når vi er framme med bussen, er at vi får utdelt utstyr som vi treng for å gå på breen. Der etter må vi gå eit lite stykke før vi kan stige inn på breen. Denne turen tek ca 1 time, og har noko stigning. Ved brefoten tar vi på stegjern, isøks og tau før vi går inn på breen. Turen over breen, og kor utfordrande du vil ha det (t.d klatre i blåis) vil bli tilpassa etter gruppa / deltakarane sine ønsker. Vi bruker ca 2-3 timer på breen før vi køyrer tilbake til Stryn.

UTSTYR:

- Kle deg etter ver og forhold (Regn/vindtett ytterbekledning og ei isolasjonsjakke eller gensar er uansett lurt å ha i sekken). Det kan vere kaldt på fjellet. **Sjekk vermeldinga dagen før og kle deg deretter!**
- **Hanskar, hue og hals.** Hanskar er viktig for å kunne holde isøksa utan å fryse.
- Lange bukser
- **Høge og stive/solide fjellsko** (Viktig for at stegjerna skal sitte godt på foten, og du skal ha godt grep!)
- Ein ryggsekk (ca 30 liter) med plass til ekstra kle og kanskje litt fellesutstyr
- Solbriller og solkrem
- **Mat og drikke**

Du får låne alt av sikkerheitsutstyr (hjelm, stegjern, isøks)

AVREISE: Kl.08.30 frå Stryn Stadion (minibuss).

RETUR: Vi er tilbake i Stryn ca 16.30

VIKTIG: Har du spørsmål utover dette, eller manglar enkelte ting for å kunne vere med, ta kontakt, så kan vi prøve å hjelpe:
95223102

Turen blir arrangert i samarbeid med Indre Nordfjord Turlag.

Skanne QR-koden og meld på!

BREVANDRING PÅ HAUGABREEN





FISKETUR, KANO OG GRILLING -ULVEDALSTJØNNA-

FREDAG 14.AUGUST

Har du lyst å gjere noko kjekt ilag med vennar siste dag i ferien? Denne dagen tek vi turen til Ulvedalstjønna for å fiske, padle kano og lage mat på bål. Ta med fiskestanga og prøv lukka! Vil du padle i kano, eller køyre trøbbåt får du mulegheit til det. Vi tar med pinnebrøddeig - slik at dei som vil kan få lage seg "kanelnurrpinne" på bålet. Elles ta med den maten du vil lage sjølv. Dette blir ein kosedag!

UTSTYR:

Vi har flytevestar. Elles ta med:

- Fiskestong/utstyr (Vi har noko til låns, men best om du har med ditt eige utstyr).
- Kle etter veret
- Mat og drikke (Ta med det du har lyst å grille, t.d ostesmørbrød eller pølser).

OPPMØTE: Kl.11.30 ved Stryn Stadion (minibuss), eller Kl.12 i Ulvedalstjønna.

RETUR: Kl.16 frå Ulvedal

Har du spørsmål utover dette - ta kontakt på 95223102

Skanne QR-koden og meld på!

FISKETUR, KANO OG GRILLING I
ULVEDALSTJØNNA

